

10.09.2019 Park hotell, Voss

Referat ekstraordinært årsmøte i Voss Hang- og Paragliderklubb

Sak 1: Godkjenne dei stemmeberettiga

- Godkjent. Skulesjef hadde med oversikt over betalande/gyldige medlemmar.

Sak 2: Godkjenne innkallinga

- Godkjent.

Sak 3: Godkjenne sakslista

- Godkjent.

Sak 4: Godkjenne forretningsorden (møtets struktur/oppsett)

- Godkjent.

Sak 5: Velge dirigent/ordstyrar

- Øystein Bryn vart valgt til ordstyrar.

Sak 6: Velge referent

- Morten Knapstad vart valgt til referent.

Sak 7: Velge to medlemmar til å underskrive protokollen

- Øystein Bryn og Samson Skjervheim var valgt til å underskrive protokollen.

Sak 8: Behandla klubbens rekneskap

- Kasserar, styreformann og dagleg leiar gjekk igjennom rekneskapet, og besvarte ein del spørsmål frå medlemmane til forskjellige postar på rekneskapet.
- Styret informerte om at dei har engasjert ein person til å føra rekneskapet løpande gjennom rekneskapsåret. Dette for å få bedre oversikt over økonomien kontinuerlig. Denne løysinga vart presentert som rimlegare enn dagens løysing.
- Detaljane i pengeflyten inn og ut i forbindelse med tandemflyging er per i dag for lite oversiktleg, og det krev mykje arbeid frå dagleg leiar å finna ut kva ulike innbetalingar omhandlar. Tandemgruppa i klubben vart beden om å ta tak i problematikken, og komma med forslag til forbedring i løpet av hausten.
- Rekneskapet vart godkjent.

Sak 9: Godkjenne budsjettramme nystart

Bygging av nystart Hangur Aust («Bavallen») dreier seg om skyting av stein, flytting av massar, planering, slik at startfasilitetane blir forbetra vesentleg og alle pilotar og tandempassasjerar skal ha dei beste føresetnadene for sikker flyging og gode opplevingar. Startprosjektet blir behandla i desse dagane i kommunen og arbeidet blir byrja etter planen i september.

Styret ber ekstraordinært årsmøte godkjenne vedlagt budsjett for nystart.

- Dagleg leiar og styreformann presenterte prosessen rundt arbeidet med å få løyve til å starta arbeid med bygging av ny start på «Bavallstoppen»/Hanguren øst-start. Styret og dagleg leiar gjekk igjennom budsjettet for ny start med tilhøyrande «startbu».
- Det vart stilt ein del spørsmål frå medlemmane i forhold til utforming av den nye starten, bygging av «startbu», økonomi og finansiering, vedlikehold av start og «startbu», og styreformann og dagleg leiar viste teikningar med detaljar av nye starten og startbua.
- Det vart foretatt avrøysting ved håndsopprekning på godkjenning av plan og budsjett. Medlemmane vedtok einstemmig å gå for den framlagde planen, og budsjettet vart godkjent.

SAMSON SKJERUHEIM  
Samson Skjeruheim  
Vossestrand 21.09.19

ØYSTEIN BRYN  
Øystein Bryn  
LØSS, 22.09.19